

Til

Alle politiske parti i Kvinnherad.

Invitasjon til folkemøte om vindkraftutbygging i Kvinnheradfjella.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) la fram sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land i Norge 1. april 2019.

I forslaget ligg framleis store deler av Kvinnherad inne som aktuelt utbygingsområde for vindmøller.

Formannskapet vedtok at Kvinnherad kommune ynskjer vår kommune ut av planen. Det vart ikkje teke hensyn til. Vidare har Kvinnherad Turlag sman med mange andre organisasjonar bede om at vår kommune vert teke ut av planane.

Dersom planen vert teke til fylgje, vil det bli enorme naturinngrep. Større og meir øydeleggjande enn noko som tidlegare er gjort i naturen her i kommunen. Vindmøllemaster på opptil 250 meters høgd (dei på Fitjar er 150 m), kvar vindmølle må ha veg fram og kvar vindmølle må ha eit planert areal på ca ½ fotballbane. Dette skal gjerast i eit viktig friluftsområde som er prega av urørt natur. Om ein spør ungdommar og familiar som flyttar til Kvinnherad, er det den vakre og urørte naturen som er ein viktig faktor for flyttinga.

Kvinnherad og resten av Hardanger brukar dei vakre fjella og naturen som verkemiddel for å få turistar til regionen vår. Husnesfjella, Manen, Englafjell og Ulvanåso ligg som mektige og vakre portstolpar inn mot Hardangerfjorden. Vi ynskjer ikkje å sjå enorme vindmøller når vi kastar blikket oppover fjelltoppane våre.

Andre land i Europa byggjer vindmøller til havs. Vi meiner dette må vera rette vegen å gå også i Noreg.

Vi inviterer med dette alle politiske parti i Kvinnherad til folkemøte i Kulturhuset på Husnes 28. mai kl 18.

Fint om de melder tilbake om de har høve å møta.

Mvh

Styret i Kvinnherad Turlag

Kjell Yri leiar.

Denne rapporten er Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land i Norge. Rapporten er utarbeidet på oppdrag fra Olje- og energidepartementet (OED)